



Morten Alvær har gjort jobben og kundane kan fylla bensin

Frå i dag kan båtfolket fylla bensin på Sandakaaien, medan dei tidlegare har fått berre diesel der.

Nilsen Handel strekar under at det nye tilbodet må betraktast som ein utvida service då det ikkje er grunn til å tru på nokon stor omsetnad. Men båtfolket vil i alle fall sleppa å måtte reisa heilt inn til Rosendal for å fylla bensin. Næraste tanken utover i fjorden er på Halsnøy.

Det var Morten Alvær frå firmaet Wayne (eit underbruk av General Electric) som gjorde utstyret på Sandakaaien klårt til bruk etter at Brødrene Musland hadde fått tanken på plass og laga ei fin innramming av uttaket. Tanken rommar 6 000 liter.

Og kva så med prisen på bensinen?

Den er 14,50 for literen akkurat no medan dieselprisen er 9,29 - avgiftsfritt,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen